




insekt


si vesle bok om



FARGELEGG MEG!

SKRIV NAMNET  
DITT I RAMMA  
PÅ FORSIDA.

SY RYGGEN MIN MED  
EI TJUKK NÅL OG EIN  
TRÅD. LÆRAREN DIN  
KAN VISE DEG KORLEIS.




## Kva er FN?

FN står for Dei foreinte nasjonane. FN er ein møteplass der leiarar frå alle landa i verda kan snakke med kvarandre. I FN freistar landa å bli samde om kva reglar og avtalar som skal gjelde i verda. Dei viktigaste temaa ein diskuterer i FN, handlar om fred og trygging, menneskerettar og berekraftig utvikling.



## Kva er FN-sambandet?

FN-sambandet er ein organisasjon som jobbar for at alle i Noreg skal ha kunnskapar om FN og kva som skjer i verda.



© FN-sambandet

1. utgåve, 2021

For 4.-7. klassetrinn

Tekst: FN-sambandet

Design og illustrasjon: Liv Ragnhild Kjellman

## Kjelder

[www.fn.no](http://www.fn.no)

[www.sabima.no](http://www.sabima.no)

[www.beetlebee.me](http://www.beetlebee.me)

[www.nina.no](http://www.nina.no)

## VISSTE DU AT ...

... Noreg er eit av dei viktigaste landa i verda for humler? Heile 35 av dei drygt 250 humleartane vi kjenner til i dag bur her.




**VISSTE DU AT ...**

... alle insekt har seks bein?  
Edderkoppen har åtte bein og  
er ikkje eit insekt!

... insekt luktar,  
smakar og høyrer  
med følehorn?

... auga til insekta eigentleg er  
mange bitte små auge som  
står tett i tett?



OPPGÅVE 13: TENK SJØLV  
Skriv tre ting du synast andre bør vite om insekt.

---

---

---

---

---

---

---

---



**LÆR MEIR** ← Vil du vere med på jakta etter artar i naturen?  
Bli med på [www.artsjakten.no](http://www.artsjakten.no)!

**LÆR MEIR** ← Sjå filmen frå GlobalisVideo om paranøtt-treet!  
Gå til [www.youtube.com](http://www.youtube.com) og søk på «Paranøtten».

**LES MEIR** → Gå til [www.fn.no](http://www.fn.no) og finn temasideane våre om  
klimaendringar, regnskog, FNs berekravsmål, berekraftig  
utvikling, naturmangfald og mykje, mykje meir.

## Dei livsviktige insekta

**TRE AV FIRE DYREARTAR** vi kjenner til på jorda i dag er insekt. Insekta kjem i mange ulike størrelsar, fargar og fasongar. Nokon er vakre, nokon er ekle, nokon er irriterande. Felles for dei aller fleste er at dei gjer ein **KJEMPEVIKTIG JOBB** for oss menneske.

Insekta **BRYT NED DAUDT MATERIALE** slik at næringsstoffa blir ført tilbake til jorda. Denne næringa er mat for nye plantar som veks opp. Insekta er mat for andre dyr som mellom anna fiskar, fuglar og reptil, som igjen kan vere mat for dyr og menneske.

Den viktigaste jobben insekta gjer for oss menneske, er når dei sørgjer for at **PLANTAR KAN BLOMSTRE OG FORMEIRE SEG**. Når insekta forsyner seg av søt nektar frå plantar, festar pollen seg til dei og blir tatt med vidare til neste plante. Pollen treffer den neste blomen, og det blir nye frø. Slik får vi eple, nøtter, paprika, sjokolade og mykje anna. Omkring ein tredjedel av all maten vi et har hatt bruk for insekt til pollinering.



## OPPGÅVE 12: FRAMTIDA TIL INSEKTA

Ingen kan vite heilt sikkert korleis framtida ser ut. Kanskje alle insekta forsvinn? Eller kva om alle land samarbeider så godt at jorda blir ein superduper stad for insekta?

Skriv eit dikt om insekt og framtida. Korleis trur DU framtida ser ut for insekta?

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

... omtrent 2 milliardar menneske!  
verda et insekt?



**VISSTE DU AT ...**

**OPPGÅVE 1: TEL BIENE**  
Kor mange bier finn du i heftet?

**OPPGÅVE 2: FINN SVARET**  
Kvifor er insekta viktige for oss menneske?

---



---



---




---



---

**OPPGÅVE 11: KOR HAR INSEKTA DET BRA?**  
Teikn eit kart over uteområdet på skulen eller i nabolaget ditt.  
Sett ein ring rundt dei stadane som er bra for insekta. Teikn  
noko som kan gjere staden enda betre for insekta.



## Insekta er truga

I mai 2019 gav naturpanelet til FN ut ein stor rapport om korleis det står til med naturen. Her står det at ti prosent av dei rundt ein million artane med **INSEKT VI KJENNER TIL** i verda i dag, er **TRUGA AV UTRYDDING**. Naturpanelet til FN seier det er måten vi menneske brukar jordkloden på som utgjer ein trussel for insekta.

Menneskeleg aktivitet har dei siste 50 åra påverka korleis jorda ser ut. Vi har **HOGD NED MASSE SKOG** mellom anna for å lage plass til å dyrke mat til oss menneske, men også for å drive gruver. **SKOGEN ER HEIMEN** til dei fleste insekta, plantane og dyra. Når vi hogger han ned, får dei mindre plass å leve på.

**VI MENNESKE FORUREINAR** mellom anna ved at vi slepper søppel frå fabrikkar ut i elver, sjøar og hav. Utslepp av CO<sub>2</sub> bidreg til global oppvarming, som igjen gir klimaendringar. Desse tinga gjer livet til mange artar vanskeleg. Forskarar er usikre på kva dette vil føre til over lengre tid for insekt, plantar og dyr.

### OPPGÅVE 9: FINN SVARET

Gi nokon døme på kva du kan gjere for å hjelpe insekta.

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

### OPPGÅVE 10: DISKUTER I KLASSA

Bli detektivar! Veit de kva for nokon pollinerande insekt som lever der de bur? Har dei det bra, eller er nokon av artane i ferd med å forsvinne?

Ta kontakt med miljøavdelinga i kommunen dykkar eller ein lokal miljøorganisasjon, og høyr korleis insekta har det hos dykk. Gjer kommunen noko for å ta vare på insekta? Er det noko de i klassa kan hjelpe til med?

## Kva kan vi gjere for å hjelpe insekta?

Vi veit meir om kva som er **SKADELEG** og kva som **HJELPER** insekta no enn vi gjorde før. Det er bra – for det betyr at det er mange som **KAN GJERE NOKO**. Dei som bestemmer i eit land, har eit ekstra ansvar for å passe på.

I Noreg finst det **LOVER OG REGLAR** som også skal passe på at vi tar vare på artsmangfaldet. Bønder kan **FÅ PENGAR TIL Å GJERE EIN EKSTRA INNSATS** for at det skal vere bra for insekta å vere på områda dei eig. Mellom anna sørger for no fleire bønder for at det er meir **VILLE VEKSTAR PÅ JORDA** deira, slik at dei tiltrekkjer seg humler, bier og andre insekt.


**DU OG EG** kan også hjelpe til. Vi kan til dømes la vere å bruke sprøytemiddel som er skadelege for naturen, og vi kan **SÅ VEKSTAR SOM BIENE OG HUMLENE LIKER** i ei blomsterkasse på balkongen eller i hagane våre.



**LÆR MEIR** ← Sjå filmen frå Sabina om kvifor vi treng naturmangfald! Gå til [www.youtube.com](http://www.youtube.com) og søk på «Hvorfor trenger vi naturmangfold?»

**LÆR MEIR** ← Sjå filmen frå Sabina om kva vi kan gjere for å ta vare på naturmangfald! Gå til [www.youtube.com](http://www.youtube.com) og søk på «Hvordan kan vi ta vare på naturmangfoldet?»

**OPPGÅVE 3: BRA OG DÅRLEG**  
Finn minst to ting på biletet som er bra for insekta. Teikn grøn ring rundt dei. Finn minst to ting på biletet som er dårleg for insekta. Teikn raud ring rundt dei.



#### OPPGÅVE 4: FINN SVARET

Nemn to årsaker til at insektartar er truga av utrydding.

---

---

---


---

---

---

#### OPPGÅVE 5: DISKUTER I KLASSA

Kva for nokon problem kan jordbruk skape for insekta?







## VISSTE DU AT ...

... meir enn  $\frac{3}{4}$  av verdas dyr er insekt?

... monarksommarfuglen flyr heile 4 000 km frå Canada til Mexico kvar haust?  
Sommarfuglen veg eit halvt gram og er 10 cm lang.

... regnskogen er heimen til over halvparten av alle insekt-, dyre-, og planteartar?

OPPGÅVE 8: DISKUTER I KLASSA  
Insekta er viktige for at vi skal nå berekraftsmål 2 og 15. Kvifor trur de insekta er viktige for å nå desse måla? Klarar de å finne fleire berekraftsmål kor insekta er viktige? Er det nokon mål som er ekstra viktige for at insekta skal ha det bra? Diskuter i klassa, og set ring rundt alle måla de finn.



## Kva skal vi med artsmangfald?

Ein art er ein type dyr, insekt, fugl eller plante. Artsmangfald er ein annan måte å seie at det finst **MANGE FORSKJELLIGE ARTAR** på. Artsmangfald er viktig fordi nesten alle artar spelar ei viktig rolle der dei lever. Om ein plante- eller dyreart skulle bli borte frå eit naturområde, er det ikkje sikkert at vi legg merke til det så raskt. Arten kan ha hatt ein **VIKTIG JOBB AKKURAT HER**, og om han blir borte, er det usikkert kva for innverknad det vil ha på området. I dag veit vi for lite om kva som skjer om ein art forsvinn, og vi må derfor **TA VARE PÅ ALLE ARTAR**.

FN jobbar for å sikre at vi tar vare på artsmangfaldet i verda.



### OPPGÅVE 6: **FINN SVARET**

Kva er artsmangfald, og kvifor er det viktig?

---

---

---

---

---

---

## Verda har ein felles plan

Å ta vare på insekta er viktig for å få til ei **BEREKRAFTIG UTVIKLING**, mellom anna fordi dei spelar ei viktig rolle for at alle menneske skal ha tilgang til **NOK OG SUNN MAT**. Berekraftig utvikling handlar om å gjere verda til ein stad der **ALLE MENNESKE HAR LIKE MOGLEGHEITER** for gode liv, samstundes som vi tar omsyn til grensene planeten vår har, og ikkje øydelegg for dei som **KJEM SEINARE**.

I 2015 blei verdas leiarar i FN samde om ein arbeidsplan med 17 mål for korleis vi skal **UTRYDDE FATTIGDOM, REDUSERE ULIKSKAP OG STOPPE KLIMAENDRINGANE** innan 2030. Måla har fått namnet FNs berekraftsmål og gjeld for alle land, også Noreg.

### OPPGÅVE 7: **FINN SVARET**

Kva er berekraftsmåla til FN?

---

---

---

---

---

---